

Norsk barokk-musikk

To tyskarar i utlegd stod bak musikken i denne konserten – Georg von Bertouch i Noreg og Georg Friedrich Händel i Italia.

KONSERT

GEORG VON BERTOUCH,
GEORG FRIEDRICH HÄNDEL:

Kantatar

NORSK BAROKKORKESTER,
CÆCILIAFORENINGEN. DIR.: STEFFEN
KAMMLER. FROGNER KIRKE I OSLO,
SUNDAG 29. MARS

Bertouch, i si tid kommandant på Akershus festning, var ikkje berre jurist og krigar, men òg «bevandret udi musikken». Kantaten *Gott, Herr, der Mächtige redet* for solistar, kor og orkester er eit av dei få verka hans som me har i dag. Den viser oss ein ambisiøs komponist, trygt plassert i den nordtyske kyrkjemusikktradisjonen. Både song-

kom fram til at det ikkje var ulovleg å glæda seg over scenspel, eit spørsmål som faktisk var svært aktuelt i samtida. I 1693 gjekk han inn i den danske hæren som militærdomar og materialforvaltar, ein karriere som via 22 slag, mellom dei det kjende slaget ved bayerske Höchstädt leidd av her-tugen av Marlborough, førde han til Christiania. Som generalkrigskommissær ved Akershus festning blei den danna offiseren snøgt ein leiande figur i det offentlege musikklivet i byen.

Dirigenten for oratoriekoret Cæciliaforeningen, Steffen Kammler, utarbeidde i høve konserten på søndag eit partitur av Bertouch-kantaten, og som kjelde for dette nytta han ein mikrofilm som ligg lagra på Nasjonalbiblioteket. Det kunne han ha spart seg for – i ettertid har det vist seg at notane til stykket alt er gjevne ut på eit amerikansk musikkforlag.

BISARRT

Gott, Herr, der Mächtige redet opnar med ein tredelt instrumental sonata. Den første, roleg pulse- rande delen verka sjokkerande på meg, for dei mange og uventa modulasjonane er nesten bisarre, til og med for ein moderne lyttar. At nokre av dei harmoniske vendingane kom brått på orkestret, var tydeleg. Særleg fiolinane spela tidvis surt og klangleg ufokusert, lyte dei snart kasta av seg då dei hadde spela seg varme. Midtdelen i sinfonien, ein snøgg og kort- pusta fuge, blei difor spela mykje meir målretta og med overskot.

Andresatsen, ein bassarie med innlagd koral, har gjeve kantaten namn. Bassen Ralf Conrad kjempa seg gjennom denne krevjande stemma og sigra. I den sjuande satsen, *Ach, stelle mich zur Rechten*, viste den amerikanske tenoren Paul Kirby seg som den sterkaste solisten denne kvelden, uttrykks- messig og dynamisk.



Georg von Bertouch (1668–1743), i si tid kommandant på Akershus festning.

arar og instrumentalistar fekk denne kvelden brynt seg på dei krevjande partia til generaløyt- nanten.

22 SLAG

Georg von Bertouch (1668–1743) var fødd sunnanfor Hamburg og promovert jurist frå universitet i Kiel. I disputasen gjorde han greie for «kva som er rett når det gjeld skodespel og moderne opera», og



Dirigent Steffen Kammler har lagt mykje arbeid i utarbeidinga av partituret til kantaten *Gott, Herr, der Mächtige redet*. Foto: Sjur H. Bringeland

UTFORDRING

Den 22 år gamle Händel kom til Italia i 1707. Som den stilistiske kameleonen han var, retta han seg raskt etter den musikalske moten her, og mellom verka han fekk mest åtgang for, var den virtuose *Dixit Dominus*-fortoninga for solistar, femstemmig kor og

orkester. Verket er ei utfordring for alle kor, noko Cæciliaforeningen parerte mykje bra denne kvelden. Særskilt i fortepartia presterte dei godt, medan dei svakare passasjane sume tider læt litt labile. Solistane verka trygge på stemmene sine – det merka eg både på gestikken og det auka

stemmenvolumet deira. Den solide fugen over sluttorda *Et in saecula saeculorum. Amen* runda av kvelden på ein verdig måte.

SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musikal og fast musikkmeldar i Dag og Tid.




Foto: www.pereide.no

STAVANGER
NORWAY
13-16 MAY
2009

ENERGI og MILJØ - STAVANGER FORUM

FREMTIDENS BYER, BYGNINGER, TRANSPORTLØSNINGER

UTSTILLING – 7000 M². INNGANGSBILLETT kr 100.

VERDENSKONGRESS - OVER 400 PRESENTASJONER:

Full pris 900 Euro. Studenter 150 Euro. Offentlig ansatte 500 Euro (13+14.5.)

Stefan Behling, Foster and partners architects, London. Peter Head, ARUP, London.

Amory Lovins, RMI, Colorado. Colin Campbell, ASPO (Peak Oil).

Olafur Ragnar Grimsson, President Iceland. Margot Wallström, Vice President EC, Brussels. Chelsea Sexton, Plug in America, Los Angeles.

www.evs24.org

Støttet av: Toyota, Rogaland Fylkeskommune, StatoilHydro, Lyse, Think, Norsk Bilbranjerforbund, Innovasjon Norge, Samferdselsdepartementet, SpareBank 1 SR-Bank, LHL, Star Alliance.